



Referat
frå Kviteseid Sokneråd
Onsdag 23. mars 2022, kl.18.00
Stad: Kommunehuset

Innkallast:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Sigrun Garvik Moen (sekr.), Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Vidar Syrtveit Mikalsen. Møyfrid Lunde (sokneprest), Bjørn Nordskog (kommunerepresentant og ordførar). Vigdis Helen Bruhaug (1. vara), Kristen Salmelid, kyrkjeverje.

Forfall: Marit Sørby, Unni Snaunes, Toralf Grave, Kristen Salmelid.
Møyfrid Lunde var med på Zoom.

Ord for dagen: Dagfinn Køhn

Servering: Sigrun Garvik Moen

Oversikt over saker:

SR-sak 10.22 FR	Innkalling og saksliste
SR-sak 11.22 FR	Post og meldingar
SR-sak 12.22 FR	Årsrekneskapen 2021
SR-sak 13.22 SR	Årsmelding 2021
SR-sak 14.22 SR	Saksliste til soknemøte og flytting av soknemøte
SR-sak 15.22 SR	Utsendingar til årsmøtet i Diakonaten for Vest-Telemark
SR-sak 16.22 SR	Dugnad på kyrkjegardane 2022
SR-sak 17.22 SR	Eventuelt

SR-sak 10.22 FR	Innkalling og saksliste	MG
Innkallinga til dette møtet vart sendt ut på e-post onsdag 16. mars til alle medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd (samt revisor og prost til orientering).		
Merknader til innkalling eller saksliste?		
Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.		

1. **Rekneskapssaker:** Regnskapet er ikkje ferdig stilt frå rekneskapskontoret i Nissedal enno. Det skal vidaresendast til revisor når det er ferdig.
2. **Høyring om reglar for val av sokneråd og leke medlem til bispedømeråd og Kyrkjemøte og tilhøyrande endringar i kyrkjeordninga**
Soknerådsleiar og sokneprest har vurdert det slik at vi ikkje prioriterer å svare på denne. Frist er 20. april.
3. **Søknad om ekstra presteressurs til fleire gudstenester i Vrådal.** Søknad er sendt biskop via prost.
4. **Sakristi i Vrådal:** Det er lagt nytt golv og golvbelegg. Det er òg sett inn ny kjøkkenbenk og skåp laga av Hauglid. Veggjar og skåp er måla.
5. **Dåpssakristi i Vrådal:** Kyrkjelydsutvalet vil starte oppussingsarbeidet her etter påske.
6. **Nominasjon kulturprisen 2022:** Kviteseid Husflidslag, Vrådal og Fyresdal målarklubb med galleri Samvirke og Kviteseid sokneråd, ved soknerådsleiar, har saman nominert Hanne Roholdt som kandidat til Kviteseid kommunes kulturpris 2022 for hennar mangeårige arbeid for å dokumentere og formidle kunnskap om den tekstile kulturarven i kommunen, samt stort engasjement for frivillig arbeid i ulike organisasjonar.
7. **Dokumentasjon av kyrkjetekstilar i kyrkjene i soknet:** Dette store arbeidet er no ferdigstilt av Hanne Roholdt og Herdis Nordbø Jørgensen. Det er laga ein plastperm til oppbevaring i kvar av kyrkjene. I tillegg er det laga ein samla perm frå alle kyrkjene som har sin plass på kyrkjekontoret. Dokumentet vert også lagra i vårt digitale arkiv.
8. **Messehakel i Vrådal:** Hanne Roholdt og Herdis N. Jørgensen har levert messehakelen til Gerd Nordahl i Høydalsmo. Ho vil ta på seg å sy ein kopi og bruke noko av det stoffet som var brukbart frå den gamle. Arbeidet kjem til å bli gjort i løpet av 2 år. Det vil koste maksimum kr. 20.000,-
9. **Fasteaksjonen:** Sekretær Knut Ove Lofstad følgjer opp denne med tinging av materiell og er kontaktperson for dei frivillige som administrerer bøsseaksjonen i dei ulike bygdene. Han skal gjera alt klart – både bøsser og rodar – og skal ta kontakt med dei som har ansvar i dei ulike delane av kommunen. Inger Lise Berge kan ikkje vera med på fasteaksjonen. Vigdis Bruhaug overtek for henne.
10. **Gjennomførte arrangement sidan siste sokneråd:**
 - 23. februar – føremiddagstreff. Her deltok Johannes Skarprud mellom andre.
 - 11.-13. mars – fellesmøter med Egil Svartdahl som talar.
 - 20. mars – konsert «Perler for folk» ved Hilde Norland Gundersen og Arne Olav Hageberg i Kviteseid kyrkje.
11. **Planlagde arrangement** (ikkje nødvendigvis med alt her):
 - 24. mars – møte i diakoniutvalsmøte kl. 18.
 - 27. mars -frivillighetsfest for engasjerte i trusopplæringsarbeidet.
 - 2. april – Felles konftreff på Granvin.
 - 4. april – møte i trusopplæringsutvalet kl. 18.30.

- 5. april – fasteaksjonen.
- 6. april – Taizebøn i Kviteseid kyrkje.
- 24. april – Samtalegudsteneste i Brunkeberg kyrkje og fest for konfirmantane på grendehuset i Morgedal.
- 24. april – Diakonisasmling for Vest-Telemark i Treungen kyrkje kl. 17.00.
- 26. april – Felles bøn for Kviteseid – kyrkja har ansvar denne gong.
- 1. mai – Soknemøte (årsmøte) i Kviteseid kyrkje.
- 5. mai – 3 x Haugen og Holm i Kviteseid kyrkje. Tonesette tekstar av Oddmund Haugen.
- 29. mai – Olea Crøger – repertoar i Brunkeberg kyrkje. Fauna vokalkvintett og Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

FR-sak 12.22 FR

Årsrekneskapen 2021

MG

Rekneskapskontoret i Nissedal får kanskje avslutta vårt rekneskap i veke 11 eller 12. Deretter skal det vidare til revisjon. I veke 11 uttalte sjefen i Nissedal at vi kan rekne med at det går ein månad før revisjonsberetninga er ferdig.

I påvente av at rekneskapen vert ferdigstilt og revidert, må vi utsetje godkjenning av årsrekneskapen for 2021.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet delegerer til AU å godkjenne årsrekneskapen.

Når årsrekneskapen er ferdig revidert, vert dette sendt til alle i soknerådet. Eventuelle merknader kan sendast AU ved soknerådsleiar.

VEDTAK:

I påvente av at rekneskapen vert ferdigstilt og revidert, må vi utsetje godkjenning av årsrekneskapen for 2021. Det blir sett opp eit ekstraordinært soknerådsmøte for godkjenning av rekneskapen.

SR-sak 13.22 SR

Årsmelding 2021

MG

Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Kjøhn og soknepresten har samarbeidd om eit framlegg til årsmelding. I tillegg har Kirsti Skjæveland frå diakoniutvalet, trusopplærar og organist gjeve sine bidrag til denne.

Avsnitt om økonomi er førebels ikkje inkludert då revidert årsrekneskap ikkje ligg føre. Til soknemøtet vert økonomidelen lagt inn.

Vedlegg: *Forslag til årsmelding 2021*

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre, etter eventuelle korrigeringar under møtet. Det som gjeld økonomi vert godkjent og lagt til av AU etter at revidert årsrekneskap føreligg.

VEDTAK:

Soknerådet tek årsmeldinga til orientering slik den ligg føre. Rekneskap og årsmelding blir godkjent på ekstraordinært møte i april.

SR-sak 14.22 SR	Saksliste til soknemøte og flytting av soknemøte	MG
<p>Soknemøtet var planlagt gjennomført 3. april i Kviteseid kyrkje. Sidan årsrekneskapen ikkje er klar innan den tid, må vi flytte møtet.</p> <p>Innkallinga til soknemøtet gjerast kjend helst seinast 3 veker før møtet.</p> <p>Forslag til saksliste for soknemøte:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Konstituering</i> <ol style="list-style-type: none"> a) <i>Val av ordstyrar/møteleiar, referent og 2 personar til å underteikne protokollen</i> b) <i>Godkjenning av innkalling og saksliste</i> 2. <i>Soknerådet si årsmelding for 2021</i> 3. <i>Årsrekneskapen for 2021</i> 4. <i>Planar for 2022</i> 5. <i>Budsjett for 2022.</i> 6. <i>Andre saker (må vera soknerådet i hende seinast 2 veker før årsmøtet)</i> <p>Forslag til VEDTAK:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Soknemøtet/årsmøte setjast til etter gudstenesta i Kviteseid kyrkje søndag 1. mai. Innkalling og saksliste blir annonsert i avisa og våre digitale kanalar seinast fredag 9. april. Årsmeldinga vert lagt ut på nettsida og vert oppdatert i endeleg versjon etter at AU har godkjent årsrekneskapet. • Saksliste for soknemøtet vert godkjent slik ho ligg føre. <p>VEDTAK: Soknemøtet setjast til etter gudstenesta i Kviteseid kyrkje søndag 1. mai. Innkalling og saksliste blir annonsert i lokalavisa og i våre digitale kanalar. Saksliste godkjend slik ho ligg føre.</p>		
SR-sak 15.22 SR	Utendingar til årsmøte i Diakonaten for Vest-Telemark	ML
<p>Det vert diakonisamling for Vest-Telemark søndag 24. april i Treungen kyrkje kl. 17.00. I samband med diakonisamling skal det vere årsmøte for diakonaten kl. 15.30. Etter gudstenesta er det samling på bedehuset for alle som ynskjer det.</p> <p>Vedlegg: <i>Brev frå prostidiakonen om diakonisamling for Vest-Telemark.</i></p> <p>Forslag til VEDTAK i SR: Utendingar til årsmøtet i Diakonaten for Vest-Telemark frå Kviteseid sokneråd vert: Hanne Roholdt og Unni Snaunes.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>		
SR-sak 16.22 SR	Dugnad på kyrkjegardane 2022	MG
<p>Etter tradisjonen kallar vi inn til vårdugnad på kyrkjegardane før 17. mai. Kyrkjelydsutvala i dei ulike bygdene sørger for kaffi/saft og noko å bite i.</p> <p>FORSLAG TIL VEDTAK: Soknerådet inviterer til dugnad på kyrkjegardane/rundt kyrkjene. Kilen: Ingen dugnad. Fjågesund (berre rundt kyrkja): Torsdag 28.04. kl. 18.00 Vrådal: Torsdag 28.04. kl. 17.00.</p>		

Kviteseid nye kyrkje: Torsdag 28.04. kl. 17.00
Kviteseid nye kyrkje: Fredag 29.04.kl. 17.00
Brunkeberg: Torsdag 12.05. kl. 17.00

VEDTAK: Som føreslege.

SR-sak 17.22 SR

Eventuelt

MG

- **Flyktnings situasjonen i Kviteseid.**

Ordføreren orienterte om Kviteseid si rolle med tanke på å ta imot flyktningar frå Ukraina. Kommunen kan ta imot 25 (evt.30) flyktningar. Dette må vedtakast politisk. Ein av dei tilsette i administrasjonen har fått utvida stillinga si med 40% for å arbeide spesielt med oppgåver tilknytt situasjonen som har oppstått. Det har vore stort engasjement i bygda for å tilby bustad for flyktningane. Spesielle utfordringar: Språk, helsetenester, skule og barnehage.
Innspel frå Møyfrid: På kva måte kan kyrkja vera ein ressurs – t.d. open kyrkje, samtaletilbod, babysang dersom det kjem veldig små barn, idrettsgruppe, besøksvenner.

- **Tilskot til bygging av gapahuk.**

Kviteseid sokn har blitt tildelt eit tilskot (etter søknad) på kr. 20.000, frå Opplysningsvesenets fond til bygging av gapahuk ved Kviteseid kyrkje.

Komande SR i 2022 er 4. mai, 15. juni, 24. august, 5. oktober, 23. november.